

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 15/3765-2

## **Nedlegging av Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum gjennom fusjon med stiftinga Musea i Sogn og Fjordane - uttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til at stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum vert oppløyst, og at drifta av kunstmuseet vert fusjonert inn i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

Notat frå Sogn og Fjordane kunstmuseum

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Konsolidering av musea i Sogn og Fjordane, FT-sak xx/08.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Styret for Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum ønskjer å vedta nedlegging av stiftinga og føre stiftinga sitt formål vidare gjennom ein fusjon med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Styret oppmodar stiftarane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane Førde, Jølster, Lærdal og Hornindal samt Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge om å slutte seg til framlegget om fusjon mellom Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune står som medstiftar av stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum, og er i den samanheng bedt om å gi uttale i saka. I fylkeskommunen er det fylkesutvalet som er rette instans til å uttale seg til nedleggings- og fusjonsspørsmålet, jf. delegeringsreglementet kap. 4.5.

Historikk - tidlegare vedtak

Stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum vart etablert i 2004 av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Lærdal kommune, Hornindal kommune, Jølster kommune og dei to kunstnarorganisasjonane Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge. Føremålet var å utvikle kunstformidlinga i Sogn og Fjordane gjennom å drifte kunstmuseet og tidlegare kunstnarsenteret i Førde, Sogn kunstsenter, Anders Svor-museet i Hornindal og Astruptunet og Eikaasgalleriet i Jølster. Gjennom museumskonsolideringa i Sogn og Fjordane i 2008/2009 vart Sogn og Fjordane kunstmuseum ein del av Musea i Sogn og Fjordane.

Sentrale problemstillingar

Gjennom konsolideringa i 2008/2009 fekk stiftinga Musea i Sogn og Fjordane ansvar for all drift av dei konsoliderte einingane. Alle offentlege tilskot går til Musea i Sogn og Fjordane, og styret fordeler midlane ut til drifta av den enkelte museumsavdeling. Dei tidlegare styra for det enkelte museum vart omgjort til eigarstyre. Som del av tilpassinga til den nye strukturen har eigarstyra gått gjennom eigne vedtekter for å endre desse i tråd med føringane i konsolideringa.

Styret for stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum har arbeidd med saka over lang tid, og møtt ein viss motbør frå Stiftelsestilsynet på framlegga til vedtektsendringar. Stiftelsestilsynet har så lagt fram tre alternativ som styret har vurdert saka ut frå. Styret for stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum er komne til at dei vil gå for alternativet som inneber ein fusjon inn i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Dette medfører nedlegging av stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Endringa vil ikkje ha økonomi- eller budsjettkonsekvensar for fylkeskommunen. For stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum vil endringa medføre at dei slepp kostnadane med eige styre og styremøte.

### Rettslege konsekvensar

Nedlegging av stiftinga vil ikkje ha andre rettslege konsekvensar for fylkeskommunen enn at hovudutvalet for kultur ikkje lenger skal velje to av dei sju styremedlemene.

For den dagelege drifta av Sogn og Fjordane kunstmuseum vil endringa vere ei forenkling.

I høve Stiftelsestilsynet si underkjenning av forslag til nye vedtekter for stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum, vil fylkesrådmannen gjere merksam på at det i samband med konsolideringa vart nytta juridisk spisskompetanse, anbefalt av kulturdepartementet, til å utarbeide vedtekter, konsolideringsavtale, og gi råd til museumsavdelingane i høve vidare arbeid med eigne vedtekter.

### Andre konsekvensar

Stiftinga Kystmuseet har drøfta same problemstillinga ut frå det faktum at det er stiftinga Musea i Sogn og Fjordane som sit på driftsansvaret for musea, og styret for Kystmuseet meiner at det vil vere føremålstenleg at Musea i Sogn og Fjordane også tek over eigaransvaret for Kystmuseet. Ettersom fylkeskommunen ikkje har vore medstiftar i stiftinga Kystmuseet, har hovudutvalet gitt uttale i den saka ut frå eit kulturpolitisk perspektiv. I HK-sak 09/13 uttalte hovudutval for kultur m.a. følgjande:

*«Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen prinsipielle innvendingar til ei mogleg framtidig samanslåing av Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Musea i Sogn og Fjordane. Det er likevel avgjerande viktig at stiftarane av Kystmuseet og styret for Musea i Sogn og Fjordane ser på dette som ei tenleg utvikling. ....»*

Det same vil gjelde no; at medstiftarane av stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum og styret for Musea i Sogn og Fjordane ser på dette som ei forenkling og ei tenleg ordning.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen viser til drøftingane i saka og rår til at fylkeskommunen ikkje har merknader til oppløysing av stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum, og at drifta av kunstmuseet vert fusjonert inn i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.